



VOLDA KOMMUNE  
Mork barnehage

# ÅRSPLAN



2022-2023

*Ansvar omsorg glede*

# Innhold:

## Kven er Mork barnehage?

- Pedagogisk grunnsyn
- Vår styrke

## Fokusområde BEREKRAFT

s. 4

### Berekraftsmål: God helse og livskvalitet

- Dei 7 psykiske helserettane
- Viktige omgrep og behov i pyramiden:
  - Fysiologiske behov: Kvile, aktivitet og kosthald
  - Tryggleikssirkel (COS)
  - Autoritative og glade vaksne
  - Leikemiljø
  - Språk- å bli sett, hørt og forstått
  - Inkludering
  - Mangfald, likestilling og likeverd
  - Læring, utvikling og meistring
  - Sosial kompetanse og identitet

### Berekraftsmål: God utdanning

- Du 4 grunnpilarane:  
Økologi, Økonomi, Sosial og kulturell berekraft og politikk

## Mål og delmål for det pedagogiske arbeidet .

s.12

## Utviklingsarbeid i barnehagen:

### REKOMP (Regional kompetanseheving)

s. 14

- Blikk på barnet
- Leik og språk

## Organisering av kvardagen

- Grupper
- Dagsrytme
- Viktige dokument som ligg til grunn for organisering av arbeidet.
- Dokumentasjon, vurdering og evaluering

## Foreldresamarbeid s. 18

## Tverrfagleg samarbeid s. 19

## Overgangar med samanhengar i barns liv s. 20

## Nyttig informasjon- lenker s. 21

# **Kven er Mork barnehage?**

Vi har 4 avdelingar:

- **Solsikka (1-3)**
- **Blåbærtua (1-3 år)**
- **Tyttebærtua (3-4 år)**
- **Skogtrolla (5-6 år)**



## **Vårt pedagogiske grunnsyn:**

### **Menneskesyn**

Alle menneske har eigen verdi

Alle menneske har evne til å lære og utvikle seg.

Identitet og positivt sjølvbilete er grunnlag for å ha toleranse og utøve demokrati.

Menneske er forskjellige, har ulike behov og alle skal møte respekt og toleranse.

### **Læringssyn**

Omsorg-leik-læring, danning, fagområder og sosial kompetanse inngår i eit heilskapleg læringsmiljø

Å bruke seg sjølv og byggje på eiga meistring og slik utvikle ny kompetanse. = eit konstruktivistisk læringsperspektiv bygd på sosiokulturell teori.

### **Verdisyn**

Volda kommune sitt verdisyn er *Raus- Modig- kompetent og lærande*.

Med bakgrunn i desse verdiane vil Mork barnehage tilby ein barnehage med vekt på: *Ansvar, omsorg og glede*. Dette er våre kjerneord.

Ved å ta ansvar (som handlar om å vere raus, modig, ha evne til å ta imot læring og vere lærande og nytte sin kompetanse) syner ein omsorg og det er igjen med på å skape glede. Dette gjeld både inn mot det einskilde barn, men også inn mot medarbeidarar og foreldre.

**Glede vert difor målet i alt arbeid.** Glede handlar om det å ha det godt og som igjen fører til lykke.

### **I kvardagen vil vi difor vektlegge:**

- Fellesskap, med hovudvekt på samvær i små grupper.
- Å være nær vaksen som let barn medverke i eige liv.
- Å være spontane og leikande vaksne som kan "gripe dagen" og slik skape dagar utan stress og därleg tid. Mykje humor og latter skal fylle kvardagen.
- Vaksne som ser, er tydelege, støttande og trygge stillas i barns liv.
- **Born som blir inkludert i eit større felleskap med fokus på mangfald, det betyr at ulikskap skal vere ein ressurs for barnehagen.**

## Vår styrke:

Ein barnehage med fokus på arbeid inn imot friluftsliv og nærmiljø . Samarbeid med barneskulen og vi vitjar rehabiliteringssenter på Mork. Vi er praksisbarnehage for studentar, språktrening, arbeidspraksis og har lærlingar frå vidaregåande.(Barne og ungd. arb)

Mork barnehage har ein visjon om å vere ein barnehage som er BEST:

1. BEST FOR BARNA
2. BEST FOR FORELDRA
3. BEST FOR DEI SOM JOBBAR I BARNEHAGEN

## Fokusområde BEREKRAFT

Mork barnehage har siste 3 åra arbeida opp mot begrepet **identitet** som handlar om å styrke sjølvkjensle og trua på kven vi er som menneske; kven er eg, kvar hører eg til og kven er vi i fellesskap. Dette handlar om livsmestring- å skape ein grobotn i barn om at ein er god nok og verdifull for kven ein er. Gjennom arbeid med omgrepene **mangfald** arbeidar vi for å etablere gode haldningar opp mot inkludering og solidaritet. Dette igjen handlar om å skape berekraftige menneske.

*«Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida*


*Barnehagen skal legge grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen. Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørsle til naturen.» (Rammeplanen 01.08. 2017)*

Ut ifrå Volda kommune sine 7 vedtatt berekraftsmål vil vi i Mork barnehage arbeide særskilt med berekraftsmålet

- **God helse og livskvalitet.**
- **Utdanning**



# BEREKRAFTSMÅL: God helse og livskvalitet



(Maslovs behovspyramide i barnehagen)

## 7 psykiske helserettar

Psykolog og professor i helsepsykologi Arne Holte seier:

### Alle har ein rett til ei kjensle av:

- **Identitet og sjølvrespekt:** Kjensla av at du er nokon og har verdi.
- **Meining i livet:** Kjensla av at du er ein del av noko som er større enn deg sjølv og at det er nokon som treng deg.
- **Mestring:** Kjensla av at du meistrar noko, at det er eit eller anna du får til.
- **Å høyre til:** Kjensla av at du hører til nokon og hører heime ein stad.
- **Tryggleik:** Kjensla at du oftast kan tenke, føle og utfalde deg utan å være redd.
- **Deltaking og involvering:** Kjensla av at det spelar ei rolle for nokon andre kva du gjer eller ikkje gjer.
- **Fellesskap:** Kjensla av at du har nokon som du kan dele tankar, kjensler og erfaringar med, nokon som kjenner deg, som bryr seg om deg og som du veit vil passe på en når det trengs. Du er ikkje åleine.

# Viktige omgrep og behov i pyramiden

## Fysiologiske behov:

Les: [\*\*Folkehelseinstituttet om barn og unges fysiske helse\*\*](#)

**KVILE:** Vi observerer barnets behov og har nært samspel med foreldre. I barnehagekvarldagen legg vi til rette for at barnet får kvile gjennom anten søvn i vogn, på ei madrass, eit fang å sitje på, hald på med rolege bordaktivitetar eller vere tett på borna i leiken. Vi prøvar å legge til rette for at born får leike i lita gruppe eller vekk frå andre barn. Tett samarbeid med helsestasjon kan vere nødvendig. Vi tek utgangspunkt i barnets behov for kvile i barnehagen, men også med tanke på at born skal få god kvalitetstid og er opplagt for samvær med foreldre på ettermiddag/ kveld.

Les: [\*\*Råd frå helsedirektoratet\*\*](#)

**AKTIVITET:** Vi fylgjer råd etter helsedirektoratet og arbeider for at born får møte fysisk aktive vaksne som stimulerer til høgintensitetsaktivitet i kvarldagen. Vi har tett foreldresamarbeid for å kartleggje barnets kvardag både i barnehage og heimen mht. aktivitet/ kvile. Vi set tiltak saman med foreldre om vi ser barnet treng regulering i høve aktivitet/kvile. Vi har tilbod om gymsal og går minimum ein gong i veka på tur der vi søker allsidig terreng som utfordrar motorikk. Vi har tau-bru og hengekøy i barnehagen og nyttar desse på tur.


Les: [\*\*Helsedirektoratet rettleiar om mat og måltid i barnehagen\*\*](#)

**KOSTHALD:** Vi har helsedirektoratets rettleiar som utgangspunkt for barnehagens kost-tilbod. Born får tilbod om eit varmmåltid i veka. Vi er opptatt av eit berekraftig tilbod som reduserer matsvinn og lærer borna om ulik mat vi kan plante eller finne i naturen. Vi arbeider for å nytte kortreist mat og har fokus på at mat skal vere sunn, innbydande, fargerik og kreativ. Vi vaksne er modellar og legg til rette for at barn får bake/ lage maten sjølve og smake på og uttrykkje ulike sanseopplevelingar med mat.



## Tryggleikssirkel (COS)

Tryggleiksirkelen er en illustrasjon av forholdet mellom barn og omsorgspersonar kring barnet. Illustrasjonen syner korleis eit trygt barn oppfører seg, og korleis foreldre og omsorgspersonar bør møte barn. Illustrasjonen er laga ut frå kunnskap om barns tilknyting.




**Barn treng omsorgspersonar som gjev støtte til utforskingstrong, men som også er der når barnet søker omsorg og nærliek.**

Omsorgspersonen støtter barnets utforsking og fungerer som ein *trygg base*. Dette vil seie at barnet opplever omsorgsperson som ein som "passar på meg, er god mot meg, hjelper meg og syner glede over å få vere saman med meg»

Omsorgspersonen er til stades når barnet søker nærliek og på den måten fungerer den vaksne som ei *trygg hamn*. Barnet opplever å bli beskytta, trøsta, synt godheit for, og får hjelp til organisere kjenslene sine, *regulering*

Tryggleikssirkelen er framstilt som ein sirkel der barnet bevegar seg bort frå den trygge basen som ein omsorgsperson bør være, for å undersøkje verda; og tilbake til den trygge hamna som omsorgspersonen også bør være, når barnet er redd eller treng trøst.

## Autoritative og glade vaksne



## Leikemiljø

Leiken er ikkje eit middel for å lære, men er **eit mål i seg sjølv** og har eigenverdi. Dette er den viktigaste basis vi kan gi for at barn skal lære å lære.

- Fokus på anerkjenning og mestring i leiken.
- Fokus på relasjonsbygging og inkludering
- Små barnegrupper med nære vaksne
- Tilby eit attraktivt fysisk leikemiljø inne og ute.
- Rom for barns eigen kultur.
- Leikande og aktive vaksne som er der barna er, gjev inspirasjon, kan observere og rettleie og evnar å av-vente slik at borna lærer å «ordne opp» sjølve gjennom forhandling, diskusjon og argumentering.

**I Mork barnehage ynskjer vi stor plass for den frie leiken med nære og fysisk aktiv vaksne som kan rettleie og inspirere til leik og moro.**

## Språk- å bli sett, hørt og forstått

- Språk er viktig inn mot leiken; for evna til å samspele og kommunisere.
- Alle barn må få oppleve gode relasjoner og vennskap i barnehagen,- både med andre barn, men også inn mot dei vaksne som arbeider der. Dette er den beste forebygging mot ekskludering og mobbing.
- Gode leikeopplevelinger og vennskaps- relasjoner er ein viktig beskyttelsefaktor i barns liv. Det handlar om å få positive samspele- opplevelinger med andre som vidare får innverkand på eige sjølvbilete.
- Språk og evne til dialog og kommunikasjon i trygge og nære relasjoner er avgjerande for om barnet kan uttrykke kjensler og fortelje vaksne om ting ein tenkjer på; også vanskelege ting.

**I Mork barnehage ynskjer vi å understøtte og utvikle barns ulike kommunikasjonsformer. Vi nyttar ASK og ulike konkretar/ verkty for å skape eit læringsmiljø som femner og inkluderer alle barn**

## Inkludering

- Barn som får medverke i kvardagslivet; BLI SETT- HØRT OG FORSTÅTT.
- Alle skal oppleve å høyre til i den sosiale fellesskapen utan å bli utstøtt eller diskriminert. Alle skal få delta utifra sine eigne forutsetningar og muligheter.
- Gode, nære samtalar med barn og fokus på gode samtalar barna seg imellom.
- Tett foreldresamarbeid.
- Barneintervju og relasjonskartlegging med fokus på relasjonar for å bevisstgjere dei vaksne i høve ansvaret ein for relasjonen inn mot alle barn og foreldre på avdelinga vaksen-vaksen, barn-vaksne og barn-barn.
- Best mogleg legge til rette for at barn har nokon å leike med gjennom å:
  - a) rettleie barn i leik (Fysisk aktiv vaksen)
  - b) ha mindre leikegrupper der vi også av og til bestemmer kva born som leikar saman i dei ulike gruppene.
  - c) Samtale og opplevingar r saman med born i høve fellesskap og inkludering

**I Mork barnehage skal barna møte sensitive vaksne med levande blikk og som evnar å tilpasse kvardagen til alle barn.**

## Mangfald, likestilling og likeverd

Rammeplanen seier at «barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn» ( R.P s. 10) Rammeplanen seier også (s. 9) at vi skal «fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt.»

**I Mork barnehage vil vi fortelle barna om ulike familieformer, andre kulturar, språk, ulike kjønnsidentitetar, livssyn og religionar. Vi held fokus på å fortelje om det unike (det som er ulikt) men vil heile tida sjå dette i samanheng med det som bind oss sammen (som er likt) som menneske. Vårt utgangspunkt er at i møte med det som er ukjent, så lærer ein noko om seg sjølv.**

## Læring, utvikling og meistring

- Barn skal få bruke sansane sine.
- Læring skjer i eit miljø som legg vekt på det å vere nyfiken og undre seg. Vi vil ha ei filosofisk haldning til omverda og det som skjer kring oss.
- Felles undring og refleksjon kring nye opplevingar /erfaringar kan danne grunnlag for nye spørsmål eller svar.
- Vi har eit Individorientert lærings-syn: Vi kan gi barna opplevingar og varierte erfaringar men vi kan ikkje definere kva dei har lært, då det er forskjellig frå barn til barn.

**I Mork barnehage vil vi undre oss saman med barna og filosofere kring naturelementa, religion og det som skjer mellom oss i kvardagen (etikk). Livsvisdom gjennom konkrete erfaringar og sanseopplevingar gjev tryggleik og evne til vidare refleksjon og ny kunnskap.**

## Sosial kompetanse og identitet

Sosial kompetanse handlar om det å samhandle med andre, - «kunsten å omgås kvarandre». Vi menneske uttrykkjer og tileignar oss denne kompetansen i samspel med kvarandre. Utvikling av sosial kompetanse er ein tosidig prosess som byrjar ved fødselen og er knytt opp mot tryggleikssirkelen. Gjennom sosialt samspel i kvardagen utviklar barn sjølvoppfatning og sosial **identitet**. Samstundes utviklar dei både evne til å knyte band med andre og til å oppleve eigen identitet.

**Relasjonell kompetanse:** Måten vi vaksne møter barnet på, er heilt avgjerande for korleis barnet opplever seg sjølv.

### I Mork barnehage skal barnet få:

- **Vaksne som tek styringa når det trengs og set tydelege grenser som vert formidla gjennom positive forventningar.**
- **Vaksne som tek ansvar for å legge til rette for ein likeverdig og omsorgsfull relasjonen til alle barn.**
- **Vaksne som har fokus på inkludering og vennskap.**
- **Vaksne som snakkar med (og ikkje til) barn.**
- **Vaksne som brukar bøker og litteratur med tema relasjon.**

**Emosjonell kompetanse:** Responsen den vaksne møter barns ulike kjensleuttrykk med, er avgjerande for barns emosjonelle utvikling.

Det er stor samanheng mellom trygg tilknyting og evne til emosjonsregulering. Evne til emosjonsregulering er ein av fleire sjølvreguleringsprosessar som er i utvikling i barnehagealder. Det handlar om evne å kjenne igjen, forstå og regulere sine eigne kjensler. Det er viktig at barn mestrar å tilpasse sine handlingar og reaksjonar i ein sosial kontekst.

### I Mork barnehage skal barnet oppleve og erfare:

- **Å bli sett, tatt på alvor, anerkjend og bekrefta.**
- **Vaksne som har respekt for andre sine meningar og reaksjonar. (,-har toleranse i forhold til andre sin veremåte og andre sine synspunkt.)**
- **Vaksne som har tryggleikssirkelen som basis i abeid med barn.**
- **Vaksne som støttar, anerkjenner og set ord på det som skjer slik at ein hjelper barnet til å organisere kjensler og kjensleuttrykk.**
- **Vaksne som sjølve er gode til å setje ord på og vere i kontakt med eigne kjensler, - som kan vere gode rollemodellar for barn.**
- **Vaksne som har tid , skapar rom for og evne til å lytte og tolke barns uttrykk.**

**Sjølvregulering:** Om vi skal tilpasse vår atferd til sosiale situasjonar og klare å nå våre mål, så må vi bruke sjølvregulering.

Sjølvregulering handlar om å kunne styre våre handlingar, tankar og kjensler for å ivareta oss sjølve og fungere saman med andre. Enkelt sagt er det evne til å tenkte før ein handlar.

### I Mork barnehage skal barnet møte

- Vaksne som er bevisst språket si viktige rolle og som føresetnad for at barn kan lære å regulere tankar, kjensler og atferd.
- Vaksne som nyttar ASK (Alternativ språkleg kommunikasjon) og stimulerer til språkleg aktivitet gjennom song- leik-bøker- rim-regler og kvardagssamtalar.
- Vaksne som stiller opne spørsmål og slik skaper rom for at barn får bruke språket sitt.
- Vaksne som legg til rette for rolleleik og er aktivt med på å stimuere/ auke barns leikekompetanse også m.h.t. språk

## BEREKRAFTSMÅL: God utdanning

Norge skal ha et utdanningssystem som bidrar til berekraftig utvikling lokalt og globalt. Dette kan ein oppnå gjennom å **utvikle barn og unge si kompetanse på området slik at dei kan bidra til bærekraftig utvikling i natur og samfunn.**

Dette inneber at barnehagen må

1. arbeide for å synleggjere over for samfunn, organisasjoner og politikarar kor viktig det førebyggjande arbeidet ein gjer i barnehagen inn mot barna. Utdanning, haldningar og praksis hjå personale og foreldre er viktig. Dette betyr igjen at barnehagen må arbeide for at personale får tilført naudsynt rammer og kompetanse som gjer det mogeleg å arbeide førebyggjande på ein god og framtidsretta måte.
2. ha fokus på dei 4 grunnpilarane;

#### a) Økologi som handlar om natur og miljøvern;

- å utøve omsorg over for fuglar og dyr,
- rydde søppel og plast i naturen og
- grunnleggande opplæring i kildesortering.

**Mork barnehage vil gje borna positive opplevingar i naturen. Målet er at barna gjennom slike opplevingar får kunnskap og tilknyting til naturen slik at dei ynskjer å utøve omsorg for naturen.**

#### b) Økonomi som handlar om gjenbruk og resirkulering.

**Mork barnehage vil halde fokus på**

- innkjøp av kortreist mat, lage mat «frå grunnen av», og dyrke sjølve.
- innkjøp av leiker og formingsmatriell som er miljøvenleg

#### c) Sosial og kulturell berekraft som handlar om å ivareta alle menneske i eit inkluderande fellesskap

- Å vise solidaritet og ikkje berre å tenke på eigne behov.
- Å medvirke til å ta avgjerdslar og oppleve å bli tatt på alvor. Dette for å lære seg å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.(FN konvensjonen

om barns rettigheter 1991)

**Mork barnehage vil arbeide for solidaritet med menneske i andre land.**

**Vi held fokus på det å dele godene våre med andre.**

**d) Politikk handlar om eit godt styresett og vaksne som er gode rollemodellar.**

Vi må lære borna og uttrykkje sine meiningar og lære at val vi tek/ ting vi seier, kan ha betydning for andre eller det som skjer vidare i framtida.

*«En bærekraftig utvikling er en utvikling som imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få tilfredsstille sine behov.»*

(sit: Gro Harlem Brundtland)



**Hjarte-kraft**

# **Mål og delmål for det pedagogiske arbeidet**

«Vi arver ikke jorda av forfedrene våre, men låner den av barna»  
(Gamalt indisk ordtak)

**I det pedagogiske arbeidet ynskjer vi gjennom heile året å gje borna opplevingar og erfaringar som vekkjer tankar og forståing for at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Berekraft skal difor vere ein del av alle tema vi jobbar med gjennom året.**

**Gjennom året har vi felles tema med hovudmål og delmål der avdelingane sjølv vel metoder. Desse vil bli evaluert og kome fram i pedagogisk periodeplan.**

➤ **August- september:**

**Tema: Tilknyting og bli kjend**

**Hovudmål:** Å lære korleis vi skal ha det saman på avdeling gjennom fellesskapsopplevelingar i barnehagen og i nærmiljøet.

**Delmål:** alle barn skal bli kjend med dei andre barna og oppleve tilknytning med ein god relasjon til dei vaksne på avdelinga.

**Delmål:** Kven er eg, kven er du og kven er vi?

**Tema: Brannvern- veke 38**

**Hovudmål:** Å lære brannvern

➤ **Oktober, november og desember:**

**Tema: Hausten**

**Hovudmål:** Barn får kjennskap til årstida hausten.

**Tema: Solidaritet og markering av FN-dagen. 24.oktober.**

Gjennomføring av FORUT-aksjonen

**Hovudmål:** Å få kjennskap og opplevingar med andre kulturar og land

**Tema: Jul**

**Hovudmål:** Barna skal lære kvifor vi feirar jul og skal få opplevingar knytt opp mot høgtidsmarkering i kristen tradisjon.

➤ **Januar, februar og mars:**

**Tema: Vinteren**

**Hovudmål:** Å gjere seg erfaringar med naturen om vinteren

**Tema: Samane**

**Hovudmål:** Markere samenes dag og vår urbefolkning

**Tema: Påske**

**Hovudmål:** Gi barna kjennskap til påsketradisjonar

➤ **April, mai og juni:**

**Tema: Våren**

**Hovudmål:** Å gjere seg erfaringar med naturen om våren.

**Tema: 17.mai**

**Hovudmål:** Gi barn kjennskap til grunnlova vår og nasjonaldagen.

**Delmål:** Demokrati



Vi vil knytte Rammeplanen sine sju fagområder til dei tema vi har valgt som fokus for det pedagogiske arbeidet med barna:

1. Kommunikasjon, språk og tekst
2. Kropp, rørsle, mat og helse
3. Kunst, kultur og kreativitet
4. Natur, miljø og teknologi
5. Antall, rom og form
6. Etikk, religion og filosofi
7. Nærmiljø og samfunn.

# **Utviklingsarbeid i barnehagen**

## **REKOMP (Regional kompetanseheving)**

- Leik og språk**

Vi ynskjer å arbeide med ASK der vi kan gje borna alternativ språkleg kommunikasjon. Bruk av symbol, konkretar og teikn er noko vi ynskjer å bli betre på i vår kommunikasjon. Barnehageåret 2022/2023 ynskjer vi særskilt å auke vår kompetanse i høve teikn til tale. Alle born og vaksne skal ha sitt eige teikn for namnet sitt og vi vil auke vår kompetanse inn mot det å bruke teikn til tale + symbol for ulike begrep ved måltid-leik-og kvardagssituasjonar. Vi vil arbeide etter GLL (Gjort- Lært-Lurt) metoden der personalet sjølv planlegg sine aksjonar, gjennomfører før ein evaluerer og tek med seg ny lærdom inn i praksis.



# Organisering av kvardagen

## **Grupper:**

Vi deler barna inn i mindre grupper i kjernetida (9.30-14.30). Mål for gruppedeling:

- Gjere det lettare for kvart einskilt barn å delta aktivt
- Leggje til rette forholda for at den vaksne kan vere lydhør ovanfor barn.
- Få gode samtalar og samspel-situasjonar.
- Nære vaksne/ kontaktperson gjennom heile barnehagetida.
- At barn skal få auka positiv gruppekjensle.
- At barn skal få tilrettelagt samlingar, turar og temaarbeid i høve alder.
- Forsterke, etablere vennskap.

I barnehagen skal vi skape tid og rom for å lytte og samtale. Difor vil vi jobbe i mindre grupper og sette av tid til undring og samtale saman med borna. Målet vårt er at alle born skal få muligheter til å "setje spor".

## **Dagsrytme**

Vi har ei dagsrytme som vi arbeider etter og den er ein viktig del av det pedagogiske arbeidet vårt. Kjernetida i barnehagen er frå 09.30- 14.30. **Om de skulle kome etter 09.30 til barnehagen, har fri eller er sjuke, så bed vi foreldre om å melde frå til oss om dette gjennom Edlevo.** Når barn veit kva som skal gå føre seg og kjenner att situasjonar, skaper dette tryggleik og trivsel. Sjølv om ein har ei fast dagsrytme, så må ein vere fleksible, vurdere tidspunkt og aktivitetar utifrå barna sine behov.

Klokka		Kva skjer
07.30	Barnehagen opnar Handvask før vi går inn på avdelinga.	LEVERING AV BARN I GARDEROBE Fram til 09.30 vil vi prioritere å møte born og foreldre i garderoben for å utveksle informasjon. Vi legg opp til roleg leik/aktivitet.
07.45- 08.30	Frukost	Borna et matpakke til frukost.
Ca. 09.30	Frie aktivitetar ute/inne	Grupper inne/ute
	Handvask	Før alle måltid i barnehagen er det handvask
Ca. 11.00	Måltid	Minimum ein dag i veka får barna servert varm mat. Ellers serverar vi heimebaka og kjøpt brød med variert pålegg.
11.30	Stell og legging for dei minste Handvask	Etter maten går vi på badet. Vi skifter bleier på dei borna som treng det. Dei som vil, får sitte på potte eller do. Dei som skal sove, vert lagt i vognene sine. (Borna blir vekt etter foreldra sine ynskje.)
11.45	Garderobe-aktivitetar Påkledning/ toalett	Vi legg fram klede etter værforhold, og borna prøver etter beste evne å kle på seg sjølv. Vi vaksne legg til rette, oppmuntrar og hjelper borna i denne prosessen.

12.00	Uteleik	Leik ute på barnehagen sitt område eller tur i nærmiljøet (grupper) Vi vil prioritere å vere ute kvar dag, uansett ver.
14.00	Handvask før måltid Lett måltid	Frukt, yoghurt, brød el.
14.30	Frileik/aktivitetar Vask av hender før ein går heim.	Etter maten har vi aktivitet ute eller inne i grupper. Borna vert henta, og vi prøver å samtale med den som hentar om det som har hendt i løpet av dagen.
16.30	Barnehagen stenger	Personalet rydder 16.15 og 16.30 er barnehagen stengt. Personale som går 16.00 eller 16.15, rydder også ein del før dei går for dagen.

## Viktige dokument

For å kunne legge til rette for barns medverknad, er det nødvendig å legge til rette for fleksible planar. Gjennomføringa av planar må vere så fleksible at det er rom for spontanitet og barns medverknad. Planlegging av gjennomføring og aktivitetar er viktig for å få til ein god barnehage.

**Årsplan:** Ut frå lov om barnehagar rammeplan, og kvalitetsplan for Volda kommune, avdeling oppvekst, lagar Mork barnehage ein årsplan. Denne er barnehagen sitt pedagogiske fundament og skal ligge til grunn for utarbeiding av pedagogisk periodeplan på den einskilde avdeling.

Vedlegg til årsplanen er plan for prosesjon.

**Mål og kvalitet for beste praksis:** Barnehagen sitt dokument for personalet for å ivareta og sikre at ein har same mål og kvalitetar for beste praksis i vår barnehage.

**Pedagogisk periodeplan:** Kvar avdeling utarbeider pedagogisk periodeplan som byggjer på årsplanen for barnehagen. Denne inneholder ikkje noko sensitiv informasjon og vert difor lagt på heimesida til barnehagen. I pedagogisk periodeplan vil ein presentere kva tema ein skal ha for perioden; delmål og beskrive metoder ein vil nytte for å nå hovudmål og delmål.

I periodeplanen vil ein ha hovudvekt på evaluering av tida som har gått, vurdere metoder og om ein har nådd dei mål ein sette seg for perioden.

VI har pedagogisk periodeplan som var kvar avdeling sender ut for:

- oktober-november-desember
- januar-februar-mars
- april-mai-juni
- styrar sendet ut ein samla periodeplan for midten av juli-august og september

**Pedagogisk vekeplan:** Kvar veke vil avdelingane legge ut vekeplan i Edlevo. Denne vil seie noko om den pedagogiske aktivitet ein tenkjer skal skje i løpet av veka; Turområde og mål med denne, type mat, kva styrt pedagogisk aktivitet ein har valt. Val av aktivitetar/metoder vert planlagt ut ifrå tema, hovudmål og delmål for perioden som står i årsplan og pedagogisk periodeplan.

**Instruks for tryggleik, organisering og ansvar:** Denne beskriv arbeidsrutiner, ansvarsoppgåver og prosedyre for personalet. Her under kjem beredskapsplanar barnehagen har for oppfylgjing i høve HMS for arbeidsmiljølov, brannvern og miljøretta helsevern.

**Kvalitetsperm:** kvar avdeling vil utarbeide beste praksis for kvardagsaktivitetane og organisering på avdelinga. Dette for å kunne ivareta felles og lik pedagogisk praksis samstundes som ein får progresjon for leik, sosial kompetanse, språk, fagområder og kvardagsaktivitetar i høve det alderstrinn ein har på avdelinga. Ein skal då byggje det organisatoriske arbeidet på mål og kvalitetsplanen. Kvalitetsheftet er også ei vidareføring av Tryggleiksinstruks og innehold difor avdelinga sine HMS rutiner, ansvarsoppgåver og organiseringar.

**Kontakt pr. telefon, Edlevo:** Vi vil prioritere å ha gjensidig telefonkontakt i kvardagen om det skulle vere noko. Med Edlevo i bruk, vil også ein del kommunikasjon gå føre seg via app her. Meldingar til barnehagen via Edlevo bør då kome inn seinast til klokka 9.30 den aktuelle dagen. Om ikkje får ein ringe og gi beskjed om det skulle vere noko.

Årsplan, pedagogiske periodeplan vert lagt ut på heimesida til barnehagen. Vekeplan vert sendt ut i Edlevo. Mål og kvalitetsplan, kvalitetsperm og tryggleiksinstruks er noko alt personale (fast tilsette og vikarar) skal lese gjennom og setje seg inn i for å kunne arbeide i barnehagen.

## Dokumentasjon, vurdering og evaluering

I Mork barnehage vil vi særskilt nytte video, observasjonar og praksishistorier til pedagogisk dokumentasjon og nytte desse i pedagogisk refleksjon og rettleiing gjennom metoden «Med blikk på barnet» og «levende blikk»

Vi har ei offentleg facebook-side (Mork barnehage) der vi legg ut pedagogiske dokumentasjonar av arbeidet inn mot barna.

Slik får vi reflektere kring, synleggjere for kvarandre kvardagen, evaluere og ev. endre praksis. Sjå her: <https://www.facebook.com/Morkbhg>

Inn mot det pedagogiske arbeidet med barna vil vi nytte dokumentasjonen (bøker, film, bileter) for å "recall"/ gå tilbake til det vi har gjort på eks. en tur. Dette kan vere med på å forsterke og utvide barns eksisterande kunnskap og gje oss innsyn i kva barna faktisk har lært, kva dei er opptatt av og slik har vi godt grunnlag for å drive fram, saman med barna, nye prosjekt/ gjeremål i barnehagen.

Gjennom observasjon, pedagogiske dokumentasjonar, evalueringar og informasjon frå kvarandre, barn, foreldre og våre samarbeidspartnarar kan vi reflektere og diskutere i personalgruppa om korleis vi kan bli ein betre barnehage.

Periodeplanar vil alltid innehaldevurdering og evaluering av tida som har gått og danne grunnlag for tilpasning/ justering for det pedagogiske arbeidet for tida som kjem.

# **Foreldresamarbeid**

Kvaliteten på samarbeidet mellom foreldre/føresette og barnehagen er grunnleggande for barnets beste og for korleis ein kan oppnå gode vilkår for barnehagen sin formålsparagraf: *"barnehagen skal gi barn under opplæringspliktig alder gode utviklings- og aktivitetsmuligheter i nær forståelse med barnas hjem"*. Dette ynskjer vi å sikre gjennom:

## **Foreldresamtalar:**

Basere samarbeidet på openheit og gjensidig tillit med barnet sitt beste som fokus. Barnehagen vil gjennomføre foreldresamtale om vår og haust. I tillegg er det oppstartsamtale i forkant av tilvenningsperiode for nye barn i barnehagen. I tillegg kan føresette og barnehagen innkalle til ekstra møter ved behov. Ved behov ynskjer vi at både mor og far er med på foreldresamtalen. **Barnehagen fylgjer opp i samarbeid med foreldre barn som treng ekstra støtte.** Personal og foreldre informerer kvarandre tidleg og i samarbeid finn tiltak for barn som vi opplever treng ekstra støtte.

## **Foreldreråd:**

Alle foreldre i barnehagen er med. Foreldrerådet er det formelle organet som skal gi alle foreldre medverknad. Foreldrerådet skal fremje fellesinteresser frå foreldra og vere med på å skape eit godt samarbeid mellom foreldregruppa og dei tilsette.

## **Foreldrearbeidsutvalg (F.A.U):**

Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) med 2 (eit medlem og ein vara) frå kvar avdeling. FAU skal vere eit kontaktskapande organ og tilrettelegge for aktivitetar for foreldre, mellom foreldre-barn og personale og organisere og delegere oppgåver til foreldrerådet som er med på å fremje barna det fysiske nærmiljø ute i barnehagen, men også inne ved behov. Arbeidsoppgåver i FAU er nedfelt i eit årshjul som ein finn på heimesida til barnehage.

## **Samarbeidsutvalg (S.U):**

To av representantane i AU representerer foreldra i SU. Leiar i AU er også leiar i SU. Samarbeidsutvalget skal vere eit rådgjevande og samordnande organ. Medlemene er foreldre (2 personar frå FAU), tilsette (1 pedagog og 1 assistent) og eigar (Politisk representant frå kommunestryret og vara). Styrar stiller som sekretær. Samarbeidsutvalet skal ta vare på samarbeidet mellom barnehagen og foreldre, og fastsette årsplan for den pedagogiske verksemda. SU har møte alt etter behov og innkomne saker. Vi lagar ein møteplan og har 4-6 møter i året.

## **Foreldremøter:**

Det vert kvar haust i august foreldremøte med informasjon frå barnehagen og valg av foreldreråd. I tillegg vert foreldre av og til invitert med på personalmøter (eks. foredrag pedagogisk tema, informasjonsmøte m.m.)

## **Dagleg kontakt, telefonkontakt, Edlevo:**

Her vert det utveksla daglege og korte beskjedar mellom foreldre/ føresette og personalet.

**Evaluering:** To gongar pr. år sender vi ut ei undersøkjing/ evalueringsskjema for å få ei tilbakemelding om korleis vårt barnehagetilbod vert opplevd.

# **Tverrfagleg samarbeid**

## **Mork skule:**

Samarbeid SFO, fast besøksdag - samarbeid ved overgang barnehage-skule eks. møte med lærar 1.klasse, felles turar og andre arrangement planlagt eller spontant gjennom året. 4.-5.klassingane les for borna ein gong i veka. Ved særskilde behov til enkeltbarn; tidleg møte mellom barnehage og skule.

## **Høgskulen i Volda:**

Pedagogar i barnehagen er øvingslærarar og vil i periodar ta imot studentar frå førskulelærarutdanninga i Volda.

## **Ørsta vidaregåande skule:**

I periodar har vi hatt lærling frå barne- og ungdomsarbeidar-utdanning og elevar som skal ha praksis.

## **NAV:**

Vi har gode erfaringar med arbeidstakarar som har arbeidspraksis i barnehagen.

## **Helsestasjonen:**

Barnehagen har eigen kontaktperson (Torill Høydalsvik) og i samarbeid med foreldre kan ein ta opp saker vedr. barnets helse.

## **PPT (Pedagogisk-psykologisk teneste):**

Barnehagen har eigen kontaktperson (Marit Hovdenakk). PPT er eit tilbod til foreldre og barnehagane om rettleiing, observasjon av enkeltbarn/gruppe og ev. tiltak. PPT kan etter løyve frå foreldre skrive tilråding om ein ev. meiner barnet bør ha spesialpedagogisk hjelp og støtte i barnehagen.

## **BUP (Barne og ungdomspsykiatri):**

Av og til treng foreldre og barnehagen hjelp utanfrå for å kunne nå/ forstå barn som står i utfordring av ulike grunnar.

## **Logopedtenesta i Volda:**

Før barnet når skulestart kan det vere behov for logopedteneste som kan trena barnet på talespråk. Logoped i Volda kommune er Torill Hoddevik.

## **Barnevernet:**

Barnevernet skal gi barn, unge og familiar hjelp og støtte når ein står i utfordring i heimen. Barnehagen har eigen kontaktperson (Tonje Frøysa). Det er foreldre som har ansvar for å gi sine barn omsorg, men om ein ikkje får det heilt til, skal barnevernet hjelpe til slik at barn og unge får omsorg, tryggleik og utviklingshøver. Ved bekymring (u. vald), vil vi raskt ta opp dette med foreldre.

## **Fysioterapeut:**

I tilfelle kan foreldre og personale vere usikre mht. utfordringar i høve barns motorikk. Ein kan då tilvise til fysioterapeut om å kome for å observer, sjekke og ev. gi rettleiing

### **Kommunepsykolog:**

I tilfelle der ein er bekymra for barns psykiske helse, treng råd, rettleiing, kan ein i samarbeid kontakt kommunepsykolog.

### **Team/ koordinerings-møter:**

Eit lavterskelttilbod som barnehagen nyttar der ein kan møtast å drøfte/ vurdere saker der barnehagen/ foreldre er bekymra/ eller undrar seg over barnets atferd/ utvikling/ omsorgssituasjon. **Ressursteam:** Møter på helsestasjonen siste torsdag i månaden.

### **TSG (Tverrfagleg samahandlingsgruppe)**

4 gongar i året har ein møter der ein drøftar saker som omhandlar korleis vi kan betre vårt arbeid og fokus på systemnivå for å skape gode samanhengar og inkludering i barns liv. **Korleis kan foreldre og vi vere det gode laget rundt og for barnet?**



PÅ biletet f.v: Ruxandra Raudøy (spes.ped.koordinator), Nina Vedeld Telseth (styrar), Monica Ertesvåg (Rektor Mork skule), Nina Ullaland (Barnevern), Marit Hovdenakk (PPT), I front: Palma Kristin Håvik (Helsestasjonen)

# **Overgangar med samanheng i barns liv.**

Tilknyting i nære relasjoner har betydning for barnets trivsel, utvikling og psykiske helse. I overgang mellom ulike faser i livet er barn særskilt sårbar og treng både tid og rom for å verte trygg og kjend. I Mork barnehage har vi kvalitetssikra dette gjennom rutinar i overgang:

## **Heim-barnehage:**

- Eigen plan for besøksdagar/ foreldrestyrt tilvenning og oppstart i barnehagen. Besøksveke i juni der avdeling er tilgangeleg for nye barn og foreldre frå klokka 9.45- 14.15. I denne veka er det også avvikla foreldresamtale for nye foreldre med pedagogiske leiarar.
- Informasjon og rettleiing for foreldre og personale høve oppstart i barnehagen. Styrar kallar inn til foreldremøte for nye foreldre i besøksveka. Helsestasjon er også med.
- Kontaktperson for barnet og foreldre den fyrste tida.
- Tett samarbeid med helsestasjon der det skulle vere behov.

## **Barnehage- annan barnehage:**

- Skrifteleg samtykke frå foreldre som har barn som skal bytte barnehage; skrifteleg informasjon om barnet vert sendt til ny barnehage.
- Oppstarts-samtale og besøksdagar i forkant av oppstart og invitasjon til besøksveke i juni.

## **Avdeling- ny avdeling i barnehagen:**

- Organisering av besøksdagar i høve overgang frå ei avdeling til ei anna avdeling. Besøksveke der borna er på besøk ei heil veke på ny avdeling i juni.
- Møte mellom pedagogiske leiarar med fokus på overføring av informasjon vedr. barnet i forkant av oppstart.

## **Overgang barnehage- skule**

- Skrifteleg samtykke frå foreldre slik at skrifteleg informasjon om barnet vert vidare sendt til ny barnehage. Der er eigen plan i Volda kommune for overgang barnehage- skule, sjå heimeside til barnehagen og ein utvida plan for overgang vedr. barn med særskilde behov.
- Barna som går siste året i barnehagen har «Trollklubb» der dei samlast til felles tur og gruppeaktivitetar to gongar i veka. Vi skal ha eit særskilt fokus på samhald og inkludering det siste året i barnehagen og har fleire aktivitetar der førskuleborna er samla bl.a. symjing, påskevandring, julegudsteneste, lucia-tog, møter mm.

## **GODE RELASJONAR BASERT PÅ TILLIT OG ÅPENHEIT.**

Alle overgangar i barns liv krev eit nært og tett foreldresamarbeid som må vere basert på tillit og openheit. Barnehagen ynskjer lav terskel for bruk av team og koordineringsmøter i tett samarbeid med foreldre. Fokuset ligg då heile tida på tidleg innsats for barnets beste. **Vi skal vere laget rundt og for barnet.**

## **Nyttig Informasjon**

- **Lover og foreskrifter:**
- [\*\*https://lovdata.no/sok?q=barnehage:\*\*](https://lovdata.no/sok?q=barnehage)
- **Informasjon, vedtekter og pedagogiske planer:**
- Heimeside til Mork barnehage
- [\*\*https://www.volda.kommune.no/mork-barnehage/\*\*](https://www.volda.kommune.no/mork-barnehage/)
- **Facebookside: Mork barnehage**
- [\*\*https://www.facebook.com/Morkbhg/\*\*](https://www.facebook.com/Morkbhg/)
- **Nordisk barnehageforskning:**
- [\*\*http://www.nordiskbarnehageforskning.no/\*\*](http://www.nordiskbarnehageforskning.no/)
- **Kva skjer i barnehager i Norge?**
- [\*\*http://www.barnehage.no/\*\*](http://www.barnehage.no/)
- **UDIR barnehage, informasjon om rammeplan, fagområder mm.**
- [\*\*https://www.udir.no/utdanningslopet/barnehage/\*\*](https://www.udir.no/utdanningslopet/barnehage/)

# BARNEHAGE-SONGEN:

« *Om du køyre frå Ørsta til Volda  
ein dag du skulle ha tid;  
ta ikkje Eiksundstunellen,  
men vegen ut mot Lid.  
  
Ein liten veg til høgre, der du kan få sjå;  
Ein raud fin barnehage,- der DU kan få gå:  
Mork barnehage.*

*Velkommen hit!  
Her kan du leike, pusle bit for bit.  
Vi er alle sammen så glade for at  
vi er perler i ein diger skatt.»*

